

Emnenr. 6 Fylke: Sogn og Fjordane
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Gulen
 Emne: Folkelege musikkinstrument Bygdelag: Dalsøyra
 Oppskr. av: Ivar Kleiva Gard: Kjellevoll
 (adresse): Dalsøyra G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Ikkje etter eiga røynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskr. etter Jon J. Kjellevoll, gardbr. og postopn hev vori. 87 år

SVAR

1. Lurar var nok litt brukt så seint som i barneåra å forteljaren, men han kjenner ikkje noko til korleis dei var laga, anna enn at dei skulle vera laga av raunebork.
2. Halme og harpige er heilt ukjende.
3. Slike rangler som er nemnt er og ukjende.
4. Forteljaren kjende til desse måtane å laga smellar på: 1. smella eit blad i handa. 2. smella ein pose fylt med luft, 3. smella blomsterkruna av blåbjølle og ^gensmelle (*Campanula rotundifolia* og *Silene cucubalus*), dessutan svepesmell. Det var berre borna som dreiv med slikt, og forteljaren kjenner ikkje til serlege nemningar på det, heller ikkje at det var fest til visse tider.

Skyting var bruka ved bryllaup, og i seinare tid tok dei til å skyta jula inn og. Lasse Lihaug var så viss til skyta for brudepara når dei for forbi. Han hadde ein stor revolvar han skaut. (Etter skildringa var det ein gamal munnladningspistol.) No skyt dei og nyåret inn. I bryllaup skaut dei når brudeparet for til kyrkja, og når dei kom heim att. Dessutan skaut dei for grauten. Det var ofte svære

smellar, serleg sidan dei byrja å bruka dynamit.

Forteljaren kjenner ikkje til noko serlege truer som var knytt til dette. Det var berre gamal skikk.

- 5. Ein kjenner ikkje til låtar eller ulåtar som skulle driva bort sjukdomar og anna vondt. Men forteljaren minnest at ein skulle ikkje blåsa i halmpiper, eller plystra, i skurdonna, "for då piste ein laus regn og vind".